

REFERAT

Styremøte 2/2021

Tid: 07.04.2021 kl. 20.30-21.30

Stad: Teams

AGENDA

Sak		Vedlegg	Ansvar
1.	Beslutningssaker 1.1 Godkjenning av innkalling 1.2 Godkjenning pilotprosjekt pond		Leder Alle
2.	Orienteringssaker 2.1 Status sesongstart		DL
3.	Diskusjonssaker 3.1 Ulike oppstarts scenarioer		Alle
4.	Ymse 4.1 Fastsetje dato for neste styremøte		Alle

Tilstades: Christian Selland, Alexander Hillerich, Kristian Bystøl, Kristine Shay Dufey, Stine Solberg, Lene Sælen (vara), Rune Narum (HI), Andreas Hemli (DL), Trine Wiik (adm.)

1.1 Godkjenning av innkalling

Godkjent

1.2 Godkjenning av pilotprosjekt pond

Til sesongstart 2021 implementeres det to sikkerhetslinjer og justeringar av innflygingsmønster på øvre landingsområde. Det for å redusera antal skjermar og mindre erfarne hopparar som landar i nærleiken av det smalare boarding området, ved fly på taxebane. Forklaringar på endringane vil bli kommunisert ut i HL brief, sikkerhetsseminar, instruktørgruppe, og medlemsgruppe før sesongstart. Klubben har starta arbeid og pilotprosjekt på ein «minipond» i samme området, mellom gjerdet og taxebanen. Det er beslutta å fylle «ponden» med fin sandvolleyballsand for å teste bruken i 2021. Erfaringar frå bruken vil kunne nyttast til å utvikle og regulere pond med vatn ved eit seinare høve.

2.1 Status sesongstart

DL gav status for sesongstart 23. April, per no vert det jobba mot å ha oppstart av sesong som planlagt. Det vert jobba iherdig med å få fly og pilot inn i landet, styret vil bli holdt oppdatert om prosessen vidare. Per dags dato står Twin Otteren frå Tønsberg FSK på Bømoen til vår disposisjon, den vert no i første omgang nytta til linekurs med folkehøgskulen Nord Norge og Voss. Det er også mogleg at dette flyet vert nytta i starten av sesongen dersom vårt eige fly ikkje er kommen på plass endå. Styret vil bli informert fortløpande om vegen vidare.

3.1 Ulike oppstarts scenarioer

Det vart halden ein liten idémyldring om ulike scenario for oppstart basert på flysituasjonen. Dersom FOXY ikkje får inn i landet til planlagt oppstart og eventuelt at Twin Otteren må tilbake til Tønsberg, vil me få ein periode med begrensa eller manglande løftekapasitet. I eit slikt eventuelt tilfelle vil kanskje veka bli oppdelt slik at ulike grupper får prioritet (t.d. elev, sportshopparar, tandem). Om dette blir aktuelt vil det bli kommunisert tydeleg ut til medlemsmassen, men per no er dette ikkje aktuelt.

4.1 Dato for neste styremøte

Ultimo mai.